

JENS H.N.BJORDAL  
GRØNLANDSVEGEN 11  
5918 FREKHAUG

Svar - dispensasjon frå byggegrense - nybygg - garasje - gnr 339 bnr 39 - fv 5310  
- Alver kommune

Vi viser til søknad av 03.12.2020.

#### Vedtak

Med heimel i veglova § 30 og § 34 gir vi dispensasjon frå byggegrensa mot fylkesveg 5310 Ådlandsvegen for å etablere garasje på gnr. 339 bnr. 39 i Alver kommune.

#### Vilkår for dispensasjonen

1. Tiltaket skal vera i samsvar med situasjonsplan, datert 03.12.2020.
2. Avstanden frå garasjen (inkludert takutspring) til senterlinja på Ådlandsvegen skal vera minst 43 meter.
3. Dersom tiltaket vil føra til endringar i samband med tilkomsttilhøva for eigedomen, må det framleis vera opparbeidd tilstrekkeleg areal til å kunne snu på eigedomen for å unngå rygging på offentleg veg. Siktkrav til eigedomen si avkøyrsle må følgjast.
4. Garasjen må ikkje brukast til andre føremål enn det dispensasjonen gjeld.
5. Arbeidet må vera starta opp innan tre - 3 - år frå dispensasjonen er gitt, om ikkje fell dispensasjonen bort.

#### Bakgrunn for vedtaket

Byggegrensene skal ta vare på trafikktryggleik, vedlikehald og drift av vegnettet, arealbehov ved ei eventuell utviding av vegen, og miljøet på eigedomane langs vegen.

Det er søkt om å bygge garasje på eigedom av gnr. 339 bnr. 39 i Alver kommune. Eigedomen er uregulert, og det er med dette naudsint med dispensasjon frå byggegrense langs fylkesveg 5310 Ådlandsvegen. Garasjen vil på det nærmeste vere plassert 43 meter frå vegmidte av fylkesvegen med ein storleik på 65 m<sup>2</sup> og vere på eitt plan. Garasjen vil kome lenger unna fylkesvegen enn allereie eksisterande bygningar på eigedomen, samt også naboeigedomar.

Vi kan ikkje sjå nokon negative verknadar for verken trafikktryggleik, tilkomst eller vedlikehald av vegen i framtida. Vestland fylkeskommune innvilger difor dispensasjon frå byggegrense langs fylkesveg 5310 Ådlandsvegen til bygging av garasje på eigedom av gnr. 339 bnr. 39 i Alver kommune.

#### Rett til å klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova § 28. Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet «Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak». Fristen for å klage er tre veker frå

vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Klagenemnda for Vestland fylkeskommune. Send klagen til Vestland fylkeskommune, [post@vlfk.no](mailto:post@vlfk.no) eller Postboks 7900, 5020 BERGEN. Klagen vil bli sendt vidare til klageinstansen.

Du har rett til å gjere deg kjent med saka sine dokument, jf. forvaltningslova § 18.

Med helsing

Kari Elster Moen  
senioringeniør

Sara Nordahl  
rådgjever

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift*